

## **Krav til tariffavtale ved innkjøp i Vestland Fylkeskommune.**

LO Vestland sin regionskonferanse går inn for at ved fylkeskommunale innkjøp må hovudregelen vere at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkande tariffavtale. Eit slikt vedtak i Vestland fylkesting vil motverke sosial dumping og arbeidslivskriminalitet og styrke faglege rettar, trepartsamarbeidet og eit seriøst arbeidsliv i heile Vestland fylke.

Dette er identisk med eit vedtak i Hordaland fylkesting i 2017. Dette forslaget er og identisk med eit samråystes vedtak i Ullensvang kommunestyre i 2019, og fleire fylke har gjort slike vedtak. Vestland fylkesting har 4. mars samråystes vedtatt at dette forslaget skal bli eiga sak i Vestland fylkesting 9. og 10. juni 2020. Bakgrunnen for dette er at fylkesrådmannen og enkelte fylkespolitikarar i Vestland fylkesting 4. mars har reist spørsmål om eit slik politisk vedtak er lovleg med bakgrunn i EØS-avtalen.

Regionkonferansen vil presisere at kamp mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i første rekke er politikk, og ikkje jus. Vi oppmodar og fylkeskommunen til å innarbeide gode seriøsitetkrav i sine innkjøp på same vis som fleire fylkeskommunar har gjort. Dette vil gje oppdragsgjevar rett til å sette i verk sanksjonar og i verste fall heve kontrakt. Fylkeskommunen må og syte for å ha ei aktiv oppfølging som syter for at krav vert følgt.

LO Vestland sin regionskonferanse ber LO og forbunda om å engasjere seg aktivt i denne saka.